



POLITIET

POLITIRÅD

Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og
Nordhordland lensmannsdistrikt

1. Formål:

Politirådet er politiets og kommunens formaliserte samarbeidsforum for det lokale kriminalitetsførebyggande arbeidet, for samordning av beredskapsplaner og for arbeid med samfunnssikkerhet.

Gjennom utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune skal politirådet bidra til involvering og gjensidig ansvarsgjering av lokale myndigheter og politiet i det kriminalitetsførebyggande arbeidet og innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Hovudoppgåver:

- Inngå avtale om politiråd for å forplikte deltakaranes organisasjonar i politirådet til samhandling og sikre at arbeidet som settast i verk, blir samordna og gjennomført.
- Utvikle forpliktande handlingsplaner slik at befolkninga er sikra heilskapleg førebyggande teneste i sitt lokalsamfunn.
- Bruke kommunens politivedtekter som eit aktivt verktøy for å ivareta kriminalitetsførebygging og trygge lokalsamfunn.
- Jamleg revisjon av kommunens politivedtekter.
- Sørge for heilskapleg samhandling mellom politi, kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar/interesseorganisasjonar.
- Sørge for felles forståing av utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbiletet, felles forståing av årsaker som ligg bak og utløysande årsaker, og målretta førebyggande tiltak knytt til kriminalitet, uvisse og sårbarheit.
- Samordne strategiske avgjerder for kriminalitetsførebyggande arbeid, beredskap og samfunnssikkerhet og lage felles handlingsplaner innan desse tema.

2. Deltaking:

Politirådet er som eit minimum samansett av representantar frå leiinga i kommunen og leiinga i lokalt politi, der begge parter kan forplikte eigne organisasjonar.

Minimum faste medlemmer:

Lensmann i Nordhordland lensmannsdistrikt

Politikontaktar i Nordhordland lensmannsdistrikt

Ordførar i Meland kommune

Rådmann i Meland kommune

Leiar for oppvekst i Meland kommune.

Det vert halde 2 møter pr. år.

Dagsorden til møta sendast ut seinast 1 veke før møtet vert halde. Det skrivast referat som vert arkivert.

3. Lokale mål og oppfølging:

Ut frå ei felles situasjonsforståing, venta utfordringar og annan kunnskap har politirådet for perioden blitt einige om følgjande satsingsområde.

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid

Kartlegging og analyse er sentralt for å sikre eit kunnskapsbasert grunnlag for samarbeidet. Politirådet skal aktivt spørje etter kunnskap og bruke kunnskapen som grunnlag for dei tiltak som vert sett i verk innan kriminalitetsførebygging, samfunnssikkerhet og beredskap.

I lys av satsingsområder og kunnskapsgrunnlaget, skal politivedtektene jamleg reviderast, slik at strategiske satsingar også tekne inn der.

I den grad utfordringane påverkar næringsliv eller organisasjonar, skal dei også involverast i arbeidet.

Ungdomskontaktar, politikontakt eller andre utpekte ansvarlige, gis ansvaret for at tilrådingar i politirådet vert følgde opp av kommunen, politiet og andre.

Ved årets slutt skal politirådet evaluere effekten av tiltak som er sett i verk opp mot kriminalitetsutfordringane, i tillegg til eventuelle tiltak som er sett i verk innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Eventuelle læringspunkter vert ført vidare til neste års arbeid.

4. Gyldighet:

Avtalen reviderast årleg.

Dato: 28.8.2018

Kommune: Ø Meland

K. I. Vangberg
Lensmann

Ø. Oddhaug
Ordfører